



Aktivitetskomitéen i Hordaland Orienteringskrets inviterer til 2-dagerssamling lørdag 24. til søndag 25. november for ungdom 13–16 år. Overnatting vil skje på Strandebarm Sportell. Det vert lagt opp til sosiale aktivitetar, og to økter i løpet av samlinga.

Følgande plan er lagt for samlinga, og meir informasjon vil kome:

Laurdag

12:00 – Kartøkt på Kvamskogen, eller anna kart i Samnanger eller Kvam på vegen til Strandebarm. Kvar økta er, vert avgjort litt nærare samlinga då det kan vere snø på denne tida.

Ca 16:30 – Ankomst Strandebarm Sportell.

Søndag

10:00 – Felles langtur i områda rundt Strandebarm. Me legg inn mulighet for kutting dersom nokon har behov for det, men satsar på at alle kan springe ilag.

Ca 13:30 – Avreise Strandebarm

Strandebarm Sportell har basseng og andre fasilitetar, og som gjester har me tilgang til dette. Me legg opp til fleire sosiale aktivitetar på kvelden, og satsar på ei sosial og kjekk samling.

For å kunne gjennomføre denne samlinga er me avhengig av foreldre eller andre som kan køyre, og som kan vere leiarar. Har du mulighet til dette, melder du deg på som leiar/sjåfør, og så teljer vi opp etter påmeldingsfristen kor mange leiarar/sjåførar vi treng. Ved for få påmeldte deltakarar eller mangel på slike leiarar/sjåførar, vil samlinga verte avlyst.

Pakkeliste for turen:

- O-sko
- Treningstøy til 2 økter utandørs. November er kald og sur, så hugs super eller ull til å ha under treningstøyet.
- Håndkle
- Badebukse/badedrakt
- Kompass
- Ull og varme kleder til å ha etter øktene.
- Lomme penger

Prisen pr. ungdom som deltek på samlinga vil vere kr. 400,-, som inkluderar overnatting og mat, samt del av felles biltransport med leiar.

Naudsynte leiarar vil få dekka opphald, bompengar, samt kr. 2,50 pr. køyrd km.